



Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/490-1

Fylkeskommunalt tilskot 2018 - Førdefestivalen og Norsk Countrytreff

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Førdefestivalen får eit tilskot for 2018 på 3,150 mill. kr.
- 2 Norsk Countrytreff får eit tilskot for 2018 på 0,715 mill. kr.
- 3 Fylkeskommunen forventar at vertskommunane held oppe sitt tilskot tilsvarende 10 % av samla offentleg tilskot.
- 4 Budsjettdekning teneste 7720 Kunstproduksjon.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

Kulturrådet – løyving.
Festivalstrategi Sogn og Fjordane fylkeskommune.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Statlege tilskot til musikkfestivalar er i 2018 for første gong samla under same ordning i Norsk Kulturråd. Løyvinga til musikkfestivalar vart gjort i siste halvdel av desember 17. Tilskotet til dei tidlegare knutepunktfestivalane, Førdefestivalen og Norsk Countrytreff, vert no løyvd over denne ordninga.

Fylkestinget har sett av midlar til dei to tidlegare knutepunktfestivalane i budsjett 2018 (teneste 7720 kunstproduksjon), og gitt hovudutvalet i oppdrag å fordele tilskotet til kvar enkelt av festivalane når løyvingane frå kulturrådet var kjend.

Det var knytt stor spenning og forventning til omlegging av tilskotsordninga, der kulturrådet i retningslinene skisserte eit tilskot på inntil 5 år. Dette føreset økonomisk medverknad frå regionen og eit intensjonsbrev om dette på førehand frå fylke og vertskommune.

Festivalstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune

På bakgrunn av kulturrådet sine nye retningsliner vart Festivalstrategi Sogn og Fjordane fylkeskommune vedteke i HNK i mai 2017. Førdefestivalen og Norsk Countrytreff er prioritert for 5-årig avtale. Intensjonsbrev er utarbeidd. Ein femårig avtale føreset ein deling av tilskot på høvesvis 60 % og 40 % på stat og region (fylkeskommune/kommune). Dette er ei vidareføring av krava i tidlegare knutepunktavtale.

Vedtak i kulturrådet 14.12.17

Kulturrådet viser til at nivåutjamning og føreseielegheit er dei mest sentrale føringane for tildelinga. Dette inneber ei nedjustering av tilskot for nokre av dei festivalane som tidlegare har motteke mest tilskot med tanke på å nå ut med tilskot til fleire festivalar. Målsettinga har vore å oppnå best moglege føresetnader, både for festivalfeltet og for publikum over heile landet.

Det vart ikkje gitt femårige tilsegner. Dette m.a. grunna usikkerheit rundt ramma for musikkfestivalordninga i åra framover, og manglende intensjonar frå fylkeskommunar og kommunar knytt til ny ordning.

Dei to tidlegare knutepunktfestivalane i Sogn og Fjordane fekk slik løyving frå kulturrådet:

Festival	2018	2019	2020
Førdefestivalen	6,300	6,300	6,300
Norsk Countrytreff	1,430	0	0

Sentrale problemstillingar

Kulturrådet har ikkje følgt opp fylkeskommunale prioriteringar om femårige tilsegner i sine løyvingar. Vertskommunane Førde og Gloppen har tidlegare løyvd sin del på 10 % av tilskotet gjennom avtale. Same avtale har sikra at fylkeskommunen har løyvd 30 % av tilskotet. Det er ikkje krav om dette lenger i og med at ingen av festivalane har fått ein 5-årig avtale.

Andre opplysningar

8 av 10 sokjarar frå Sogn og Fjordane fekk midlar frå kulturrådet si musikkfestivalstøtte. Fylkesdirektøren kjem attende til dei andre festivalane når kulturmidlar for 2018 vert fordelt.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkeskommunen sin del av det samla offentlege tilskotet til desse festivalane har tidlegare vore på 30 %, medan kommunane har gått inn med 10 %.

Fylkesdirektøren viser til at begge festivalane er prioritert i festivalstrategien vår for ei 5-årig avtale. Ettersom dette er første året med den nye ordninga, og ut frå at det nok er ein del overgangsvanskar knytt til korleis kulturrådet skal handtere ordninga, er det fylkesdirektøren si tilnærming at Sogn og Fjordane fylkeskommune tek ansvar for å halde oppe sin %-vise del av samla offentleg løyving som tidlegare; dvs at vi legg opp til 30 % av samla offentleg tilskot. Vi føreset då at dei aktuelle kommunane Førde og Gloppen held oppe sin del av løyvinga på 10 % av samla offentleg tilskot. Skulle det vise seg at dei ikkje gjer det, vil fylkesdirektøren drøfte dette i framkant av løyving for 2019, og ev konsekvensar vil då bli vurdert i samband med 2019-løyvingane.

Hovudutvalet kan berre gi løyving for eitt år om gongen. Tilrådingane om løyvingar er såleis avgrensa til 2018. Økonomiplanen tek likevel høgde for at vi kan gi signal om at vi vil følgje opp med tilsvarande tilskot også i 2019 og 2020 for Førdefestivalen, men endeleg løyving vert gjort år for år. For Norsk Countrytreff vil vi gjere nye vurderingar når kulturrådet si løyving for 2019 er kjend. Med dei vurderingar som er gjort over, vil samla tilskot til dei to festivalane sjå slik ut for 2018:

Festival	Totalt	2018		
		Stat	Fylkeskom	Kommune
Førdefestivalen	10,500	6,300	3,150	1,050
Norsk Countrytreff	2,384	1,430	0,715	0,239

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til vurderingane i saka, og rår til fylkeskommunalt tilskot til Førdefestivalen og Norsk Countrytreff for 2018 i tråd med tilråding til vedtak med budsjettdekning 7720 kunstproduksjon.

